



› 7 Pleie og omsorg

Drift

	7 Pleie, omsorg, sosial	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2019	2019	2019	2018
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	103	-	-	-4
2130	VAKSENOPPLÆRING	582	552	552	-
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	4 294	3 424	3 424	217
2342	FRIVILLIGHETSSENTRAL	-	-	-	0
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	913	816	816	830
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 042	1 273	1 273	0
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	133	-	-	-
2421	FLYKTNINGKONTOR	1 905	1 558	1 558	2 126
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 299	1 182	1 182	-
2440	BARNEVERN TENESTE	134	-	-	-
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	6 962	6 686	6 686	6 413
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	335	366	366	382
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	63 450	64 358	53 926	50 887
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	9 270	9 320	9 320	9 598
2542	NATTENESTE HEIMEBASERT OMSORG	-1	-	3 955	5 554
2543	AVLASTNING	2 965	498	498	776
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	4 426	4 807	4 707	5 017
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	-	79	79	3
2546	GISKE OMSORGSSENTER	24 712	22 034	21 234	22 322
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	-	-	1 876	3 637
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	18 914	18 622	19 109	16 463
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	917	76	76	19
2650	OMSORGSBUSTADAR	23	23	23	23
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	3 576	4 331	4 331	4 682
3015	KOMMUNALT KARTVERK	-	-	-	1
TOTALT		146 953	140 005	134 990	128 947

Tenestene innan ramme 7 vert gitt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt , Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. Tildelingskontoret og flyktningtenesta vart flytta til ramme 6, medio 2019. Budsjettet vart ikkje flytta før

Økonomi

Ramme 7 har eit samla meirforbruk på kr 6,9 mill. Ramma vart tilført kr 2,5 mill gjennom budsjettendringar i 2019. Meirforbruket er mellom anna knytt til:

- Giske omsorgssenter med kr 2,7 mill. Vedtak om drift av alle senger, men ikkje fullt ut budsjettert
- Avlastning med kr 2,5 mill, ny brukar som ikkje var budsjettert for
- Aktivisering av eldre og funksjonshemma med kr 800 000
- Psykisk helsevern med kr 800 000, budsjettert med tilskot som ikkje kom
- Flyktningtenesta med kr 350 000, delt flyktningtilskot der flyktningfamilie flytta etter eitt år
- Bufellesskap funksjonshemma med kr 300 000, grunna nye ressurskrevjande brukarar utan refusjon
- Velferdsteknologi med kr 850 000, investeringar etter anbod og inngått avtalar

Mindreforbruk er knytt til:

- Brukarstyrt personleg assistent (BPA) med kr 400 000, mindre enn venta
- Introduksjonsordninga med kr 750 000, høgare budsjett enn faktiske kostnader. Vi veit ikkje kven som kjem til vår kommune før dei vert tilmeldt.
- Heimebaserte tenester med kr 900 000, fleksibel drift og ikkje innleige så langt drifta tillot det.

Mål/resultat

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt
Opprette dagavdeling for personar med demens knytt til Vigra omsorgssenter	Arbeidsgruppe vart etablert. Oppretting av dagavdeling vart arbeidd med umiddelbart. Engasjerte medarbeidarar har bidratt til å lukkast med målet.	Målet er nådd. Dagavdelinga Retro starta opp 2.september 2019. Denne er vidareført i økonomiplan 2020-2023.
Auke kompetanse i demensomsorg	Fleire tilsette ved Vigra omsorgssenter har tatt utdanninga ABC-demens. Om lag alle faste tilsette ved Vigra omsorgssenter har denne utdanninga. Rapport, "Bu- og tenestetilbod til personar med demens", vart levert kommunestyret des-19.	Målet er nådd. Kompetanseheving gjer at vi leverer eit svært god kvalitativt tilbod ved Vigra omsorgssenter. Kompetanse gjer også at vi treng færre hender. Det vert meir ro i avdelingane.
Ombygging avd.Skogley ved Vigra omsorgssenter - skjermingsrom		Målet er nådd
Rekruttering og kompetanse innan autismespekteret	Vi har rekruttert helsepersonell med kompetanse innan området. Vi må fortsette dette framover, då det er ei gruppe som veks. TALK-prosjektet: her deltek også helse/omsorg i lag med skule og barnehage. Rapport, "Bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege behov", vart levert kommunestyret des-19.	Målet er nådd. Men dette er eit kontinuerleg arbeid.
Implementere velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet i omsorgstenestene, skal vurderast først som teneste	Det er arbeidd mykje gjennom heile året. 50% prosjektleiar. Velferdsteknologi vert kontinuerleg vurdert inn som teneste både i eigen heim og i bukollektiv.	Målet er nådd, men dette er eit kontinuerleg arbeid som må ha høgt fokus.
Bytte ut alle analoge tryggleiksalarmar med digitale tryggleiksalarmar. Ta i bruk digitalt tilsyn, velferdsteknologisk plattform	Det vart arbeidd gjennom året med å bytte ut analoge med digitale tryggleiksalarmar. Vi har rulla ut 99 digitale tilsyn, 5 GPS, smarte dører til alle brukarane ved Vigra omsorgssenter, digitale tryggleiksalarmar for tilsette i psykiatri. Deltek i nasjonalt velferdsteknologiprogram.	Målet er nådd.
Flyktningar som avsluttar introprogrammet skal anten gå til arbeid eller vidare skule	Høgt fokus frå oppstart introprogram. Utarbeidd individuell plan i lag med brukar, flyktningkonsulent, NAV og Folkeuniversitetet.	Målet er nådd. Men viktig å følge opp vidare.

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt
Ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå helseføretaket innan rus og psykiatri	Godt samarbeid med helseføretaket innan dette.	Målet er nådd
Etablere ny teneste Rask psykisk helsehjelp innan april -19	To prosjektstillingar vart tilsett i, med tilskot frå helsedirektoratet. Vi gjennomførte vidareutdanning innan kognitiv terapi på både prosjektstillingane og dei faste tilsette i psykis helse og rus-tenesta. Oppstart arbeid våren-19. Alle på venteliste vart handtert innan kort tid. Svært positive tilbakemeldingar.	Målet er nådd. Grunna høgare eigendel for kommunen i 2020, vart begge prosjektstillingane avslutta til jan-20. Men sidan fleire tok utdanninga, vidarefører vi arbeidet. Det er også investert kr 20 000 i eit verkty, Rask psykisk helsehjelp, som gjer dette mogleg.
Auke i tal barn og unge med ulike utfordringar som har behov for tilrettelagt bustad og tenester	Arbeidsgruppe leverte rapport "Bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege behov", til kommunestyret des-19. Her vart lagt fram ulike tilrådingar. Det vert arbeidd vidare med desse. Det er gjerne store kostnader knytt til tilbod til denne gruppa.	Arbeid vidare med dette.
Stor auke tal brukarar innan psykisk helseteneste	Etablerte ny teneste rask psykisk helsehjelp. Ein månad etter oppstart av tenesta var det ikkje lenger venteliste. Vi har utdanna alle i psykisk helse og rustenesta innan kognitiv terapi. Digitalt sjølvhjelpsverkty er kjøpt inn.	Kontinuerleg arbeid for å møte det veksande behovet, utan å tilsette fleire årsverk
Auka press på alle heildøgns plassane i kommunen	Vurderer strengt kven som får heildøgsplass. Etablert serviceavtalar. Tett samarbeid mellom einingar og tildelingskontoret for å finne dei beste løysingane.	kontinuerleg arbeid. Må vurdere fleire plassar.
Utfordring med å rekruttere sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar	Følge opp vedteke kompetanse-og rekrutteringsplan helse og omsorg. Operasjonalisert denne ute i einingane. Vi er i sterk konkurranse med helseføretaket, Ålesund og Sula kommune.	Kontinuerleg arbeid.